



Vår ref.:

Dykkar ref.:

Voss, 26.03.2015

Inntak Voss husflidskule skuleåret 15-16

Viser til utlevert søknadsmateriell fredag 13.mars. Me har gjort desse vurderingane på bakgrunn av tala.

På bakgrunn av søknadstala meiner me det ikkje grunnlag for å starte opp Vg1 Studiespesialiserande med formgjevingsfag hausten 2015.

Dei andre klassane har grei søknad, men me ynskjer sjølvsagt fleire elevar inn i klassane dersom det let seg gjere.

Skulen har fått ein kraftig reduksjon i samla elevtal. Med eit lågare elevtal vil det forverre skule sin økonomi. Derfor har Voss gymnas og Voss husflidskule i samråd med regionsleiar Annbjørg Laupsa sett på modellar for samanslåing av FO-klassane og MDD på Vg2 og Vg3, og noko samanslåing på Vg1 MDD og Vg1 MK i matematikk 1P. Sjå elles kommentarar om dette frå Voss gymnas. Me trur og det vil vere ein fordel for både elevar og tilsette sitt lærings- og arbeidsmiljø at ein får tilført fleire elevar til skulen.

Helsing

Håvard Styve
Rektor Voss husflidskule